

Årsmelding for Vaksdal kyrkjelege fellesråd 2023



Innholdsfortegnelse

1.0 Innleiing frå kyrkjevevja.....	3
2.0 Medlemmar i fellesrådet.....	4
2.1. Om Fellesrådet	5
3.0. Oversikt over den kyrkjelege organisasjonen	6
4.0 Stillingar i kyrkjene 2023	7
5.0 Statistikk for sokna i Vaksdal 2023	7
6.0 Budsjettgrunnlag for 2023, bakgrunn og kommentarar av dei viktigaste punkta.....	8
6.1. Kommentarr til budsjettfunksjon 041 administrasjon	8
6.1.1. Diakoni	8
6.1.2. Kontormedarbeider.....	9
6.2. Kommentar til budsjetts funksjon 042 kyrkjer	9
6.3. Kommentar til budsjetts funksjon 043 gravplassar	9
6.3.1 Verdibeverande vedlikehald av gravplassar.....	9
6.4. Kommentarar til investeringsramme på funksjon 042, kyrkjer.....	10
6.4.1 Universell utforming Dale kyrkje	10
6.5. Kommentarer til investeringsramme på funksjon 043, gravplassar	10
6.5.1 Ny GPS måling og SOSI standard på gravplassen	10
6.5.2. Utvidelse av Dale gravplass.....	11
7 Kyrkjemusikk 2023	11
7.1 Stamnes barnekor.....	11
7.2 Konsertar	11
7.3 Orgelundervisning	12
7.4 Kilden	12
7.5 Ekstra musikarar på Gudsteneste.....	12
8 Trusopplæringa 2023.....	13
9 Diverse prisar og satsar for 2023	15
10 Kyrkjebladet for Vaksdal.....	16
11 Straumutgifter kyrkjene	16
12 Kommentarar til vedlagt rekneskap	17
12.1 Festeavgifter	17
12.2 Sumarstell og gravlegat.....	18
13 Vedlagt regnskap for VKF 2023 med notar.....	19

1.0 Innleiing frå Kyrkjeverja



Årsmeldinga skal ta utgangspunkt i, og gje ei vurdering av, vedtekne målsetjingar, planar og budsjett. Årsmeldinga er utarbeida etter «*foreskrift om økonomiforvaltning for sokna i den norske kyrkje §12*»

På denne måten kan ressursbruken på ulike områder vurderast, og leggja grunnlag for kommande års planar og budsjett.

Årsmeldinga skal gje opplysningar som er viktige for å vurdere fellestrådet si økonomiske stilling, og andre forhold som ikkje utan vidare går fram av rekneskapen.

Vaksdal kyrkjelege fellestråd (VKF) bad om 4.650.000 til drift i 2023. Kommunestyret løyvde fyrst 4.000.000 til fellestrådet. Etter fleire rundar med både politikarar og administrasjon fekk fellestrådet til slutt ei total løyving på 4.750.000. Det vart løyvd 1,2 millionar til investeringar 200.000 av desse er frie midlar og 1 million er til toalettbygg på Nesheim. Dei totale løyvingane gjer at fellestrådet kan drifta forsvarleg, samt at me fekk midlar til å sette av i fond. Dette er ikkje blitt gjort i budsjettet på nærare 10 år, og me er glade for at me har høve til å gjere dette. Det er viktig for VKF å målbera dei reelle utgiftene som organisasjonen hadde hatt om ein skulle drive forsvarleg etter trdomssamfunnslova og gravferdslova. Me leverte også inn ein fullstendig økonomiplan til kommunen der me gjorde grundig greie for behovet for driftsmidlar, samt utgifter som me ser vil komma dei næraste åra. Det er mellom anna store vedlikehaldsetterslep på bygg og anlegg. Det er også behov for ein diakon

2023 kan ein vel kalla for det fyrste normalåret etter Corona.

Straumpisar samt den høge inflasjonsraten i samfunnet gjer at 2023 har vore eit år med høge utgifter. Fellestrådet fekk også auka pensjonsutgifter dette året. Dette har gjort at kostnadane til fellestrådet har auka kraftig i 2023 Dette gjer at ein må tenke nøye igjennom korleis ein brukar bygningsmasse, og korleis me skal få forbruket vårt mindre. Samtidig er kyrkjene våre monumentale bygg, som er dyre i drift. Både instrument og annan kunst, krev at ein til dømes har ein viss basisvarme i bygga.

I 2023 har Vaksdal kyrkjelege fellestråd i samarbeid med NAV hatt ein merkantil stilling på kyrkjekontoret. Dette har vore ei god erfaring for alle partar. Fellestrådet bør sjå nærare på om me kan vera med å hjelpe fleire ut i arbeid.

Vaksdal kommune har også ein tenesteytingsavtale med Vaksdal kyrkjelege fellestråd om tenesteyting på gravplassen. Verdien av denne avtalen vert kvart år satt til den reelle kostprisen av dei tenestene som kommunen yter på gravplassane i Vaksdal. I 2023 vart endeleg den nye tenesteytingsavtalen signert av Vaksdal kommune, dette er me svært glade for.

Hausten 2023 har det vore val av nye sokneråd, dette har også ført til at me har hatt utskiftingar i fellestrådet.

Sidan fellestrådet har måtta driva i fleire år med svært knappe midlar, er det nesten ikkje pengar igjen på driftsfond.. Likviditeten til fellestrådet er også ei stadig bekymring. Om det ikkje skjer drastiske endringar frametter vil fellestrådet sin drift gå i minus.

Med alle dei utfordringane som har vore i 2023, sit VKF igjen med eit klart ynskje om tettare samarbeid med kommunen. Dette trur me er den beste løysinga på dei utfordringane me har.

2.0 Medlemmar i fellestrådet

Før val

Leiar:	Lars Patterson	Eksingedalen sokneråd Vara: Ole Jakob Nese
Nestleiar	Anne Hilde Fosse Osvold	Bergsdalen sokneråd Vara: Lise-Lotte Småbrekke
Medlem	Anne Margrete Eikefet	Stamnes sokneråd Vara: Eidrun S Normann
-----	Elisabeth Verpelstad	Dale sokn Vara: Odd Dyvik
-----	Anders Boge	Vaksdal sokneråd Vara: Odd Arild Faugstad
-----	Evelyn Gullbrå	Nesheim sokn Vara: Magnar Nese
-----	Frode Kvamsøe	Geistleg representant Vara: Edvard Bø
-----	Hege Eide Vik	Vaksdal kommune Vara: Erlend Hesjedal
Sekretær	Bjart-Magnus N Rosvold	Kyrkjevevje

Etter val

Leiar:	Lars Patterson	Eksingedalen sokneråd Vara: Olaug Elisabeth Holdt
Nestleiar	Elisabeth Verpelstad	Dale sokneråd Vara: Trond Vaksdal
Medlem	Anne Margrete Eikefet	Stamnes sokneråd Vara: Eidrun S Normann
-----	Berit Pettersen	Bergsdalen sokneråd Vara: Anne Hilde Fosse Osvold
-----	Heidi Rongve	Vaksdal sokneråd Vara: Per Normark
-----	Anita Gullbrå	Nesheim sokn Vara: Håkon Øvstedal
-----	Frode Kvamsøe	Geistleg representant Vara: Prost, Arild Hellesøy
-----	Ole Anders Brekkhus	Vaksdal kommune Vara: Tor-Arne Helle
Sekretær	Bjart-Magnus N Rosvold	Kyrkjevevje

2.1 Om fellesrådet sitt arbeid, og tema som ofte går igjen


Fellesrådet sine medlemmer er indirekte valt etter kyrkjevalet og kommunevalet. Det er ein representant frå kvart sokn i Vaksdal kommune, samt ein representant frå kommunen og ein geistleg representant(prest). 55 % av representantane i fellesrådet er kvinner. Fellesrådet søker å ha likestilling mellom kjønna i dei utval/grupper ol. som fellesrådet har ansvaret for. VKF hadde 6 møter og handsama 55 saker i 2023. Møta har dette året vore haldne på Elvahuuset på Dale, Dale Bedehus og kyrkjekontoret. Det er kyrkjevevja som i samarbeid med eit arbeidsutval førebur sakene til fellesrådet. Kyrkjevevja er sekretær for fellesrådet. Fellesrådet sine møter er offentlege og opne for tilhøyrar. Mange av sakene frå 2023 omhandlar den økonomiske situasjonen til fellesrådet. Knappe resursar og store utgifter gjer prioriteringane til fellesrådet ekstra utfordrande. Gravplassane er også eit tema som går igjen i møta våre. Dei fleste gravplassane i Vaksdal har behov for vedlikehald og opprusting.

Kyrkjevevja rapporterer tertialvis på økonomien. Dette fell saman med kommunen sin rapportering på økonomi. For fyrste gong har også likviditetssituasjonen til fellesrådet vore eit tema på møta.

Det er sju kyrkjebygg i Vaksdal kommune. Dette er ein stor bygningsmasse og vedlikehalde. Budsjetta er knappe, dette gjer at det er vanskeleg å planlegge eit strukturert vedlikehald over tid. Det er ofte «brannsløkking» som gjeld.

Kommunen har 8 gravplassar, Fellesrådet er gravplassadministrasjon i Vaksdal. I 2023 har me jobba med å starte arbeidet med ein verneplan for gravplassane i Vaksdal. Fellesrådet er også glade for at me har fått på plass nye gravplassvedtekter. Ny gravplass på Dale er også under planlegging, dette skjer i samarbeid med Vaksdal kommune.

3.0 Oversikt over den kyrkjelege organisasjonen



Den norske kyrkja har delt leiarskap. Fellesrådet tilset dei kyrkjelege medarbeidarane lokalt, medan prestar er tilsatt i bispedømmet. Sokna er det den juridiske eininga i kyrkja, og fellesrådet jobbar for, og på vegne av, sokna i Vaksdal. Kyrkjeverje Bjart-Magnus N Rosvold er dagleg leiar i fellesrådet og gravplassforvaltninga. Det er biskopen som er arbeidsgjevar for prestane i Vaksdal. Biskopen tilset mellom anna prestar, og bestemmer kva gudstenester me skal ha i kommunen. Sokneprest Edvard Bø er i Vaksdal og Stamnes sokneråd. Sokneprest Frode Kvamsøe er i Bergsdalen, Dale, Eksingedalen og Nesheim sokneråd.

Gjennom forskjellige råd og utval er det mykje kontakt og samarbeid mellom arbeidslinjene. Dei pilane som er teikna inn, viser berre dei viktigaste bindingane.

4.0 Stillingar i kyrkjene i 2023

1=Vaksdal,	5 = Eidsland
2=Dale,	6 = Eksingedalen
3=Bergsdalen,	7 = Nesheim
4=Stamnes	8 = Stanghelle gravplass

Kyrkjetenarar (1,2,3,4,5,6,7)	6 personar	0,7 årsverk	
Kyrkjeg.arb (3,5,6,7)	2 personar	0,2 årsverk	
Kyrkjeg.arb (1,2,4,8)	tenesteyting	0 årsverk ledig.	
Reinhaldarar (3,6,7)	2 person	0,2 årsverk	
Sekretær	1 stilling	0,8 årsverk	0,2 årsverk ledig
Kyrkjevevje	1 person	1,0 årsverk	
Kantorar	2 personar	1,5 årsverk	
Trusopplærar	1 Person	0,7 årsverk	
Diakon	1 Person	1,0 Årsverk	1,0 årsverk ledig

Sum	15 personar tilsette 5 årsverk (om lag)	2 ledige stillingar . 1,2 ledig årsverk
------------	--	--

Kyrkjetenar, organist, kyrkjevevje og klokkar er lovpålagte stillingar.

5.0 Statistikk for sokna i Vaksdal 2023

Litt om tala i tabellen

Tala i tabellen er basert på dei tala som kyrkja har levert inn til Statistisk sentralbyrå. I talet på gudstenester ligg dei ordinære gudstenestene i kyrkjene våre, ekstra gudsteneste ved gjestande kyrkjelydar o l, skulegudstenester og nattverdsgudstenester. Andaktar er andaktar på institusjonane på Dale og Vaksdal. I Stamnes sokn er det to kyrkjebygg, eit på Stamnes og eit på Eidslandet. Tala gjeld samla for begge kyrkjene. I tala på gravlagde på Dale er også gravleggingar på Stanghelle tatt med.

Tala på gravferder gjeld alle typar gravferdsseremoniar i Vaksdal for 2023. Det har vore 40 seremoniar dette året som er om lag 25% mindre en normalt . Urneandelen i Vaksdal er dette året 35% mot 32,5 % i 2022. Dette året har det ikkje vore gjennomført gravferder i Vaksdal som ikkje er kyrkjelege.

Tala på vigslar gjeld både vanleg kyrkjeleg vigsel og forbønshandlingar for tidlegare inngåtte borgarlege ekteskap. Dette talet er sterkt påverka av pandemiåret me har vore igjennom.

<i>Aktivitet</i>	<i>Bergsdalen</i>	<i>Dale</i>	<i>Eksingedalen</i>	<i>Nesheim</i>	<i>Stamnes</i>	<i>Vaksdal</i>	<i>Totalt</i>
<i>Gudstenester</i>	9	24	8	9	28	27	105
<i>Frammøtte</i>	91	1512	228	213	899	1324	4267
<i>Døypte</i>	1	10	1	0	6	4	22
<i>Konfirmantar</i>	1	13	0	0	8	16	38
<i>Vigslar</i>	1	3	0	1	1	1	7
<i>Gravferder</i>	2	22	1	1	6	8	40
<i>Innmeldte</i>	0	0	0	0	0	3	3
<i>Utmeldte</i>	0	3	0	0	4	0	7

6.0 Budsjettgrunnlaget for 2023, bakgrunn, og kommentarar av dei viktigaste punkta

Vaksdal kyrkjelege fellesråd (VKF) bad om 4.650.000 til drift i 2023. Kommunestyret løyvde fyrst 4.000.000 til fellesrådet. Etter fleire rundar med både politikarar og administrasjon fekk fellesrådet til slutt ei total løyving på 4.750.000. Det vart løyvd 1,2 millionar til investeringar 200.000 av desse er frie midlar og 1 million er til toalettbygg på Nesheim. Dei totale løyvingane gjer at fellesrådet kan drifta forsvarleg, samt at me fekk midlar til å sette av i fond. Dette er ikkje blitt gjort i budsjettet på nærare 10 år, og meir er glade ofr at me har moglegheit til å gjere dette. Tenesteytingsavtale mellom Vaksdal kommune og fellesrådet har kommunen bestemt har ein øvre verdigrense på 1.200.000, men det er det reelle forbruket som vert ført som kalkulatoriske inntekter og utgifter i fellesrådet sitt rekneskap.

Budsjettframlegget var bygd på føresetnadane i trossamfunnsloven §14 og gravferdslova § 3 om kommunen sitt økonomiske ansvar.

6.1 Kommentarar til budsjettets funksjon 041 Administrasjon

6.1.1 Diakoni

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste uttrykt gjennom praktisk handling i medmenneske sin kvardag, og dette arbeidet er både førebyggjande og lindrande i sokn og nærmiljø. Arbeidet bygger i stor grad på frivillige ressursar og utstrekt samarbeid med andre organisasjonar og det offentlege hjelpeapparat. Dette skal være et lågterskeltilbod i nærmiljøet til både barn, unge og vaksen. Samtalegrupper, kulturaktivitetar, leksehjelp og språkopplæring er noko av det kyrkja kan tilby i denne typen stilling. Kyrkja erfara ein auka etterspørsel frå menneske i forskjellige livssituasjonar og fasar, der dei har bruk for diakonale tiltak.

Vaksdal har ikkje hatt ei diakonstilling sjølv om ei slik stilling kan finansierast i kombinasjon kommunale midlar og midlar frå Bjørgvin bispedømme.

Ei bevilling frå kommune vil gjere det mogleg å få på plass ei diakonstilling. Erfaringar frå mellom anna Bergen viser at desse tiltaka er positive både for folk i kommunen og den totale kommunale økonomien sett under eitt. Det er med andre ord slik at for kvar krone kommunen legg inn i eit slikt arbeid får dei meir en ei krone tilbake.

For å få midlar frå Bispedømme er det er forutsetning at 50 % av stillinga vert finansiert lokalt. Ved ein kombinasjon av kommunale og statlege midlar, ynskjer me å tilsette ein diakon i VKF.

6.1.2 Kontormedarbeidar.

Vaksdal kyrkjelege fellesråd har i lengre tid hatt behov for ein kontormedarbeidar/sekretær. I lengre tid har det vore slik at kyrkjeverja har hatt ansvaret for alt merkantilt arbeid ved kyrjekontoret i Vaksdal. Dette gjer organisasjonen svært sårbar. Den fører også til at både kyrkjeverja, og andre tilsette stadig vekk lyt gjera arbeid som ikkje ligg under deira stillingsinstruks. Når ein sit med hovudansvaret for kyrkjebygg og gravplassforvaltninga er det viktig for VKF at dette vert trygga på ein god måte. I 2023 vart det inngått eit samarbeid med NAV. Dette har fungert svært bra, og me har no ei merkantil stilling som er 80%. Det er enno ikkje midlar i fellesrådet sitt budsjett til å oppretthalde ei slik stilling utan støtteordningar frå NAV. Fellesrådet jobbar difor for at me skal få på plass ein liknande avtale viare.

6.2 Kommenterarar til budsjettets funksjon 042, kyrkjer.

Kyrkjebygga våre er monumentale bygg – signalbygg i landskapet – som betyr svært mykje for mange av innbygarane i Vaksdal.

Også dette året har me hatt noko midlar til vedlikehald. Grunna budsjettsituasjonen er det diverre mykje «brannsløkking» og for lite av det planlagt vedlikehald. Me ser dette året at det meste av det me har brukt pengar på er å fornye og vedlikehalda gamle VVS løysingar. Det er også brukt ein del pengar på elektrisk arbeid. Me har mellom anna fått nye lyskastarar på Bergsdalen og Stamnes kyrkje

Sokneråda gjer ein betydeleg innsats på vedlikehaldsfronten. I 2023 er det rapportert inn fleire 100 timar totalt. Utan denne innsatsen ville vedlikehalde av kyrkjene vore mykje dårlegare, og dei staselege gamle bygga ville ha forfalt.

6.3 Kommenterarar til budsjettets funksjon 043, gravplassar.

VKF som gravplassforvaltning for Vaksdal kommune legg vekt på å bevare gravplassar der folk bur, i tråd med kommunens planer og strategi. Gravplassane er livsynsopne og for alle innbygarane i kommunen. Det skal leggst til rette for alternative gravferdsformer som til dømes retning bestemte graver og namna minnelund. Det er naturleg at ei slik tilrettelegging vert gjort på dei meir sentrale gravplassane i kommunen (Dale og Vaksdal). skal vera ein eigna stad til ro og ettertanke. Spesielt sumarvedlikehaldet har vore varierende på dei største gravplassane i Vaksdal. Dette er noko som fellesrådet vil fylgje spesielt opp

Me ynskjer å ta vare på dei av gravplassane våre som er freda etter kulturminnelova (Stamnes, Eksingedalen og Nesheim). Fellesrådet er no i gang med å lage ein eigen verneplan for desse samt andre enkelt monument på andre gravplassar i kommunen som ein skal ta slikt omsyn til.

6.3.1 Verdibevarende vedlikehald av gravplassar.

I tillegg til dei gravplassane kommunen har ansvar for gjennom tenestyttingsavtala mellom kommunen og fellesrådet, har kyrkjeleg fellesråd ansvar for 4 gravplassar. På desse gravplassane står det også bygg som skal vedlikehaldas (redskapsskur, klokketårn). Me ser spesielt at fleire av bygga har behov for naudsynt vedlikehald. Slik drifta er i dag kan ein

vanskeleg syte for at gravplassane våre vert haldne i hevd, slik som folk i Vaksdal har krav på. Me har difor i fleire år prøvd å auke budsjettet på gravplassane for å bøte på dette.

Det vart heller ikkje her løyvd nokon ekstra midlar i 2023. Sjølv om det er gjort noko mindre arbeid på gravplassane som fjerning av vekstar, og ny grus på gangvegar er det mykje arbeid som står at. Igjen er det dugnaden som reddar fellesrådet. Sokneråda spesielt på dei mindre plassane har stor omsut for gravplassane. Det hender titt og ofte at soknerådet gjer dugnad på gravplassane som t.d. luking, grusing av vegar, rette opp gravsteinar osv. Fellesrådet er svært glade for denne innsatsen, og vil ikkje være den forutan. Samtidig er det bekymringsfult at ei offentlig forvaltning skal vera avhengig av dugnad for å få jula til å gå rundt.

6.4 Kommentarer til investeringsramme på funksjon 042, Kyrkjer.

6.4.1 Universell utforming Dale kyrkje

Kyrkjene våre er bygg som stadig treng oppgraderingar. Det er eit ynskje om at alle skal kunne nytte kyrkjene våre. Dale kyrkje er den kyrkja i kommune der det er mest aktivitet. I tillegg til kyrkjelege handlingar, vert den nytta mykje som konsertarena for kor, korps og andre. I fleire år har det vore eit ynskje frå folk på Dale og Dale sokneråd, at det vert laga ein inngang som er universelt utforma. Dette prosjektet er prisa til 0,5 mill.

Det har ikkje lukast å få på plass denne rampa i 2023, sjølv om det har vore eit sterkt ynskje frå publikum, Dale sokneråd, fellesrådet og kyrkjeverja

6.5 Kommentarer til investeringsramme på funksjon 043, gravplassar

6.5.1 Nye GPS oppmålingar og SOSI standard på gravplassane.

Som elles i samfunnet er det innanfor fagfeltet gravplass aukande digitalisering. Som krav til alle nybygde gravplassar ligg det no at det skal være SOSI-standard på gravkarta (*SOSI = Samordnet Opplegg for Stedfestet Informasjon*). Dette vil sei at alle graver skal ha eigne GPS-koordinatar. Dette vil på sikt gjera arbeidet til administrasjonen og dei som gjer det fysiske arbeidet på gravplassen lettare.

Men før me kan gjera oss nytte av denne standarden står me framfor krevjande oppmålingar. Ein lyt rett og slett syte for at dei nye «GPS-karta» stemmer med det verkelege terrenget. Det manglar standard ting som fastmerke på fleire av gravplassane. Det er heller ikkje alltid gjort ein like god jobb når det gjeld å måle seg fram til kvar grava skal ligge. Dette gjer at over mange 10-år med omtrentleg måling er det ikkje mange snorrette rekker på gravplassane våre.

Om me skal innføre SOSI standard vil det verta mykje praktisk arbeid på sjølve gravplassane. På enkelte gravfelt, vil ein nok måtte gå så langt at gravsteinar må flyttast. Me hadde i 2021 planlagt å starte opp dette arbeidet med eit forprosjekt. Me lukkast ikkje å få pengar frå kommunen til å gjennomføre dette prosjektet då, og har heller ikkje fått midlar til dette i 22, eller 23.

6.5.2 Utviding av Dale gravplass.

Vaksdal kommune gav i sitt budsjett for 2018 1 million i mildar til eit forprosjekt for utviding av Dale gravplass. I 2021 har reguleringsplanen for den nye delen av gravplassen blitt satt igang. Reguleringsplan har tatt noko lengre tid en venta, og er ikkje ferdigstilt i 2023. Den totale investeringsramma på gravplassen på Dale vil ha ein minimumspris på 8 millionar. Den nye gravplassen vil innehalda nye element som t.d. namna minnelund. Kyrkjeleg fellesråd ynskjer også å få etablert eit livsynsøpe rom på gravplassen.

7.0 Kyrkjemusikk 2023

Kyrkjemusikken er tilbake til normal drift, etter pandemien. Dette året har me fått gjennomført det som har vore planlagt. Kyrkjemusikken er ein viktig del av både gudstenesteliv, så vel som gravferder og brydlaup. Organistane Ruben Gjertsen og Frode Vik spelar til gudstenester i Vaksdal. På toppen av dette vert det driven ei utstrekt aktivitet med konsertar, kor og undervisning. Under fylgjer ei kort oppsummering av denne aktiviteten.

7.1. Stamnes barnekor

Stamnes barnekor øver i Stamnes bedehus. Dirigent er Kristin Straume Normann, leiar er Liv Eli Stamnes, akkompagnatør er Ruben Gjertsen. Barnekoret har vore med på fylgjande arrangement:

- 26/1-2023 17.00 21-års-jubileum for Stamnes barnekor, i Stamnes bedehus.
- 19/2-2023 11.00 Gudsteneste i Eidsland kapell
- 23/2-2023 Basar i Stamnes bedehus
- 22/10-2023 17.00 Konsert på Stamnes Oppveksttun med Blanke Messingen og Stamnes barnekor
- 19/11-2023 11.00 Gudsteneste i Stamnes kyrkje
- 23/11-2023 17.00 Bedehusbasar i Stamnes bedehus
- 3/11-2023 16.00 Lysmesse i Stamnes kyrkje

7.2. Konsertar

- 11/3-2023 16.00 Orgelkonsert i Dale kyrkje, med Ruben Gjertsen (3 publikummere)
- 7/4-2023 10.30 Orgelresitasjon på Langfredag i Vaksdal kyrkje, med Ruben Gjertsen
- 22/4-2023 16.00 Orgelkonsert i Dale kyrkje, med Ruben Gjertsen (6 publikummere)
- 13/5-2023 16.00 Orgelkonsert i Vaksdal kyrkje, med Ruben Gjertsen (8 publikummere)
- 3/6-2023 16.00 Orgelkonsert i Dale kyrkje, med Ruben Gjertsen (16 publikummere)
- 3/9-2023 13.00 Konsert med Berit Opheim (initiativ frå Bergsdalen sokn)
- 20/10-2023 18.00 Flygelfest i Vaksdal kyrkje (arrangert av Vaksdal sokn)
- 8/11-2023 Lunsjkonsert i Bodø Domkirke, under Bodø Internasjonale Orgelfestival, med Ruben Gjertsen (organist i Vaksdal). Opptak kan sjåast på kyrkjas youtube-kanal.
- 10/11-2023 19.00 Konsert med Ensemble Currentes i Dale kyrkje
- 25/11-2023 16.00 Konsert i Vaksdal kyrkje med Griegakademiets pianister

- 28/11-2023 Adventskonsert i Dale kyrkje med Frode Vik, Dale Mannskor.....osv.
- 9/12-2023 17.00 Adventskonsert i Vaksdal kyrkje, med Kilden og Ruben Gjertsen
- 17/12-2023 11.00 Adventskonsert i Nesheim kyrkje med Frode Vik, orgelelever. M.fl.
- 17/12-2023 17.00 Adventskonsert i Stamnes kyrkje

7.3 Orgelundervisning

2 elevar har fått undervisning i orgel og piano, med Ruben Gjertsen som lærar. Våren 2023 veksla undervisninga mellom Eksingedalen kyrkje og Nesheim kyrkje (ein gong også i Mo kyrkje). Frå og med hausten 2023 har undervisninga føregått i Dale kyrkje.

7.4. Kilden

Koret Kilden vert dirigert av Ruben Gjertsen. Leiar er Eli Kringlebotten. Koret har over ein lengre periode øvd i Dale kyrkje, men sidan hausten 2023 har koret øvd i Vaksdal kyrkje. Tal på øvelsar har vore noko redusert grunna dirigenten sinn studiepermisjon. I 2023 sang Kilden på:

- 23/4-2023 11.00 Gudsteneste i Vaksdal kyrkje
- 28/5-2023 11.00 Gudsteneste i Vaksdal kyrkje
- 3/6-2023 10.30 Daledagene, utendørscene i Dale sentrum
- 20/10-2023 18.00 Flygelfest i Vaksdal kyrkje
- 9/12-2023 17.00 Adventskonsert i Vaksdal kyrkje

7.5 Ekstra musikarar på gudstenester

Ekstra musikarar var med på nokre gudstenester.

- 7/5-2023 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste i Vaksdal kyrkje. Aksel Henning Holdhus, trompet.
- 14/5-2023 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste i Stamnes kyrkje. Aksel Henning Holdhus, trompet.
- 27/8-2023 Fest på kjerka i Dale kyrkje. Ingrid Steinkopf, fløyte.
- 3/9-2023 11.00 Gudsteneste i Bergsdalen kyrkje. Berit Opheim sang lokale folketonar.
- 24/12-2023 12.00 Gudsteneste i Eksingedalen kyrkje med Julekoret, Alida Nesheim, Mari Trefall med fleire
- 24/12-2023 13.00 Gudsteneste i Stamnes kyrkje med Blanke Messingen.

8.0 Trusopplæring 2023

Kristin Straume Normann er fast tilsett i 50% stilling som trusopplærar i Vaksdal. Denne stillinga er løna gjennom statlege trusopplæringsmidlar. Trusopplæringa i Vaksdal blir kalla «Vegen». Vegen i Vaksdal vil gje born og unge høve til å vekse i tru. Vegen er livs- og trusopplæring for alle i Vaksdal frå dei er døypt og til dei er 18 år. Aktivitetane er sjølvstendig og opne for born og unge som ikkje er døypte.

Gjennom trusopplæringa skjer det ein god del aktivitet i og rundt kyrkjene våre. Både nye tiltak og tiltak som har vore gjennomført i dei ulike sokna i mange år. Sjølv om trusopplærar har hovudansvaret for mange av prosjekta skjer det i nært samarbeid med sokneråd, prestar, organistar og frivilljuge. I mange høve er det dei ulike sokneråda som syter for at det er ressursar nok til at me kan ha alle desse tiltaka, til dømes når det gjeld frivilljuge og mat.



I slutten av januar hadde me **Tårnagenthelg** med årets åtteåringar, der over 20 agentar frå mange stadar i kommunen var med. Dei lærte tårnagentsongen, var på oppdagingsferd og løyste oppdrag i kyrkja laurdagen, og deltok på ulike måtar i gudstenesta sundagen. **Lys Vaken** med årets elleveåringar vart òg gjennomført, med overnatting i Dale kyrkje i starten av februar. Her var det born med frå

fleire av bygdene i kommunen, og dette er vorte ein fin tradisjon der me har gode, faste medhjelparar.



Påska blei innleia med **gudstenester med påskevandring** for både born og vaksne i Vaksdal og Eksingedalen kyrkjer, der sjuåringar var spesielt inviterte, og alle som ville fekk laga seg sommarfuglar etterpå.



Me heldt fram med å ha fire ulike samlingar under paraplyen **Superonsdag**, anna kvar veke på Vaksdal og Dale. Desse byrja med **babysong og småbornssong** to timar på føremiddagen, der det kom i gjennomsnitt 4-5 born med foreldre på kvar samling. **Etter skuletid** for 5.-7. klasse er ein møteplass for aldersgruppa, der det på Vaksdal har vore godt frammøte kvar gong. **Knøttesong** for 1-5-åringar har vore populært, og samla mellom 4 og 15 born kvar gong. Superonsdag blei alltid avslutta med **Onsdagsklubb** for 1.-4. klasse, med song, forteljing og ei hobbyøkt. Her har det vore små, men koselege grupper.

Me hadde òg **Generasjonssong** på sjukeheimane saman med Vaksdal frivilljugssentral, ca ein gong i månaden, med dei yngste og eldste i kommunen. Og me hadde **Baby- og småbornssong** i Stamnes bedehus ein torsdag i månaden.

Utdeling av bøker til fireåringane, seksåringane og tiåringane blei gjennomført lokalt i Eksingedalen, Stamnes, Vaksdal og Dale kyrkjer, stort sett på hausthalvåret.

Konfirmantane 2022/2023 blei konfirmerte våren 2023, og hadde felles undervisning i Dale kyrkje rett etter skuletid. **Konfirmantane 2023/2024** er 38 i talet, og vart presenterte lokalt i Stamnes, Dale og Vaksdal kyrkjer i august og september, var på ein stappfull konfirmantleir på Fagertun i slutten av september, og starta med gruppesamlingar i mindre grupper i Dale bedehus i oktober. For fyrste gong prøver me ut opplegget Delta frå IKO, der konfirmantane får utdelt eigne bøker å jobba i med ulike tema me har på samlingane. Dette verkar kjekt og nyttig!

Andre tilbod til born og unge i regi av kyrkjelyden og/eller barne- og ungdomsorganisasjonar er tilbod som ikkje vert rekna som trusopplæringstiltak. Dette vert likevel sett på som positive tilbod som kan vere med og gje støtte til trusopplæringsplanen. Av tilbod fins det barnekor på Stamnes, søndagsskular på Vaksdal og Straume, og barneforeining på Straume.

Ungdoms-
vegen



9.0 Diverse prisar og satsar for 2023

I samsvar med kyrkelova §20

*Det vert ikkje kravd leige for våre egne arrangement i sokna.
Kyrkjevevja tek avgjerd om innkrevjing av leige eller utgiftsdekning.*

Pkt:	Aktivitet:	Satsar i 2022
1	Leigesats for kyrkja	Kr 2000,-
